

Sakshandsamar:

Idar Sagen

E-post: idar.sagen@sfj.no

Tlf.: 57 88 47 54

Vår ref.

Sak nr.: 14/492-3

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

4835/14

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 07.02.2014

Vedlegg til sak:**Høyringsuttale til søknader om løyve til å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar - Jølsterpakken****Saksutgreiing for Øvrebø kraftverk****1. Omtale av tiltaket.**

Tiltaket går ut på å bygge eit kraftverk i øvre delen av Hegreneselva/Øvrebøelva. Elva er ei typisk flaumelv med lite stabile kjelder. I øvre deler av tiltaksområdet er det bjørkeskog og myrar. Midtre og nedre del har ein del planta gran. I nedre del skjer elva seg ned i ei kløft og dannar Øvrebøfossen. Elva renn sørover og sørvestover i Ålhusdalen til utløp i Jølstravatnet ved Ålhus. Det går bilveg opp til der kraftstasjonen er planlagt. Vidare oppover går det traktorveg øst for elva heilt opp til det planlagde inntaket. Det går også ein traktorveg eit stykke oppover i lia vest for elva, om lag frå den planlagde kraftstasjonen. Det er bygt to hytter like nedanfor Øvrebøfossen. Fossen er ikkje synleg på veg oppover dalen m.a. på grunn av tett skog på kanten av gjelet der elva renn. Der traktorvegen kryssar sideelva Fossegrova frå øst, er Øvrebøfossen godt synleg. Fossegrova renn inn i det same gjelet som Øvrebøfossen. Eit stykke nedstrøms den planlagde kraftstasjonen er det gitt konsesjonsfritak for Gjerdet kraftverk og Hegrenes kraftverk.

Søkjaren, Øvrebø kraftverk AS, er eit privat aksjeselskap eigd av grunneigarane i området.

Hovuddata for Øvrebø kraftverk

Tilsig	
Nedbørsfelt , km ²	11,1
Middelvassføring ved inntaket, m ³ /sek	0,99
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, liter/sek	77
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), liter/sek	150
Fem-persentil* vinter, liter/sek	69
Kraftverk	
Inntak, kote	523
Avløp, kote	327
Brutto fallhøgde, meter	196
Slukeevne, maks m ³ /sek	2,0
Slukeevne, min m ³ /sek	0,1
Installert effekt, maks MW	3,2
Planlagt slepp av minstevassføring, sommar/vinter, liter/sek	77/77
Brukstid, timar	3195
Produksjon	
Årleg middel, GWh	10,2
Økonomi	
Utbyggingskostnad, mill. kr.	38,8
Utbyggingspris, kr/kWh	3,8

* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.




Inntak, rørgate og kraftstasjon vist på flyfoto. Øvrebøfossen til høyre.

Ved inntaket er det planlagt ein tre meter høg og 30 meter lang betongdam over elva. Volum ca. 2000 m³. Neddemt areal ca. 1,5 dekar. Vassvegen (1310 meter) er planlagt som nedgravde rør, men med noko sprenging av grøft. Vassvegen vil gå langs østsida til elva ned til nedanfor Brekkestølen, kote 435, der elva skal kryssast. Vidare nedover eit stykke vest for elva. Kraftstasjonen (grunnflate ca. 90 m²) er planlagt like ved elva. Ein kort avløpskanal vil føre vatnet tilbake til elva. Eksisterande vegar i området må opprustast. Det skal byggast 120 meter ny veg med enkel standard til inntaket og ca. 100 meter veg til kraftstasjonen. Anleggstrafikk skal krysse elva ved kraftstasjonstomta. Det skal ikkje byggast ny bru. Frå eksisterande 22 kV linje ved Øvrebø skal det byggast 1,8 km ny linje til kraftstasjonen.

2. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)

Hydrologi

Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 77 liter/sek frå inntaket (tilsv. alminneleg lågvassføring). I gjennomsnitt vil 75 % av vassføringa ved inntaket bli nytta til kraftproduksjon. I eit middels vått år vil vassføringa i elva vere større enn kraftverket si maksimale slukeevne i 49 dagar (overløp). Nedbørsfeltet mellom inntaket og kraftstasjonen (restfeltet) vil i gjennomsnitt gje ei vassføring på 0,54 m³/sek ved kraftstasjonen.



Kraftstasjonsområdet. Blå linjer er trase for vassvegen. Orange linjer er vegtilkomst til kr.stasj.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima. Grunnvatn, ras, flaum og erosjon

Det er ikkje venta spesielle ulemper på grunn av kraftutbygginga.

Terrestrisk miljø, sitat s. 31 i søkn.

Inntaksdammen, nedgraving av rør og kabel og bygging av kraftstasjon vil ikke ramme naturtyper av særlig høy verdi. Nedgraving av rør over myrene vil skade deler av myra, men det er ikke ventet at inngrepet vil være til vesentlig skade for biologisk mangfold. Det er valgt et trasealternativ for rørgaten som avgrensar inngrepet i myr til å bli en kortere strekning på tvers av ellers langstrakte myrparti, der fallretninga i rørgata faller sammen med fallet i myra. Dette reduserer skadevirkningene betydelig i forhold til å legge rørgaten på langs av myr og dermed også på tvers av fallretningen. Luftspennet på 1,9 km vil følge en vegtrase og vil ikke skape inngrep i urørte områder. Veggen har skog på begge sider oppover dalen, slik at linja ikke vil ligge i åpent terreng. Det er fare for påflyging fra fugl. Det er ikke registrert rødlistede fuglearter i denne delen av dalen. Utover utbedring av allerede eksisterende veg vil ikke tiltaket medføre ytterligere vegbygging av stort omfang. En kort tilkomstveg til inntaket vil være nødvendig i et område med bjørkeskog og myr. Det er ikke forventet at inngrepet vil være til vesentlig skade for biologisk mangfold.

Akvatisk miljø, sitats. 32 i søkn.

En lokalitet som har mer enn alminnelig betydning for biologisk mangfold, vil bli rammet av de planlagte inngrepene, i tillegg til at redusert vassføring i elva vil ha en negativ effekt på dyreliv i og direkte knyttet til elva (evertebrater, fossefall). Skadeomfanget av inngrepene i elvekløftsamfunnet blir regnet som små til middels. Samlet omfang blir da lite til middels.

Landskap og inngrepsfrie naturområder, sitat s. 32-33 i søkn.

Øvrebøfossen er et lokalt viktig landskapselement som er synlig bare fra traktorveien som går mot Goddalsstøyla. På grunn av Fosshaugen som ligger sør for Øvrebøfossen, er fossen ikke synlig fra veien lengre bort i dalen. Den foreslåtte minsteslippen sammen med vannføring fra restfeltet er vurdert til å være tilstrekkelig for å beholde den verdifulle betydningen av Øvrebøfossen som lokalt viktig landskapselement.

.....
Tiltaket vil ikke føre til reduksjon av inngrepsfrie naturområder, INON, da det allerede er eksisterende inngrep, i form av veier og granplantning langs hele utbyggingsstrekningen. Den viktigste innvirkningen for landskapet er den reduserte vassføringen i elva. Konsekvensene er lokale og består foruten av redusert vassføring dels også av de tekniske inngrepene som blir påført området. Rørgata planlegges med nedgravde rør, og landskapssår vil leges etter anleggsslutt med hjelp av enkle tiltak. Smal arbeidsbredde, tilbakeføring av avdekningsmasser og tilplanting vil være noen av tiltakene. I skrinne områder med sprenging vil behovet for gjenfyllingsmasser bli mindre. Det skal dessuten tilkjøpes masse til rørfundament og omfyllingsmasser. Inntaksdam og inntak vil bli utformet slik at de ikke skal framstå som estetiske fremmedelement i naturen. Så lenge landskapsverdiene samlet sett må sies å være beskjedne i utgangspunktet, vil heller ikke tiltaket gi store virkninger.

Kulturminne og kulturmiljø, sitat s. 33 i søkn.:

Det er registrert SEFRAK bygninger, bygninger fra før 1900, rundt influensområdet: Godtdalsstølen ligger ca. 1 km nord for inntaket og i Indrebø ca. 1,5 km fra kraftstasjonen, se kart nedenfor. Det er ingen kjente kulturminner i utbyggingsområdet. Potensialet regnes heller ikke for å være særlig stort. På grunn av lite potensiale anses også virkningene å bli minimale. Ikke noe kulturlandskap vil bli påvirket av rørtraséen. Rørtraseer og områder tilhørende inntak og kraftstasjon vil bli tilbakeført til dagens bruk etter utbyggingen. Konsekvensene antas å bli minimale.

Brukarinteresser, sitat s. 34-35.

Utbyggingsområdet har vesentlig lokal verdi. Brukerinteressene i området er primært jakt, eventuelt bær- og soppsanking og turer. Området er også benyttet som innfallsport til høyfjellet lenger innenfor i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Tellingene fra bomveg (privat veg m/bom inn i dalen) viser imidlertid at det for 2008 var ca. 1 person/dag i høysesongen som besøkte dalen. Utbyggingen forventes ikke å få direkte konsekvenser annet enn i selve anleggsfasen og i den grad de reduserte landskapsverdiene som beskrevet og det visuelle inntrykket av inngrepene også reduserer naturopplevelsene. Etter at utbyggingsfasen er over vil området bli "oppusset" ved hjelp av stedlige masser. Topplaget vil bli tilbakeført for at naturlig vegetasjon igjen kan etablere seg i området. Overskytende masser vil bli transportert bort eller nytt til på andre deler av rørtraséen. Konsekvensene antas å bli små.

Samfunnsmessige verknader

Samla investering er kalkulert til om lag 39 mill. kroner. I anleggsperioden vil det bli aktuelt å leie inn entreprenører, og ein del av arbeidet vil kunne utførast av lokale. Energiproduksjonen vil gje inntekter til utbyggarane og samfunnet rundt. Utbyggingsprisen er berekna til 3,80 kr/kWh, som er middels pris.

Sumverknader/samla belastning, sitat s. 36 i søknaden.

Tiltaket fører til reduksjon i vassføringen mellom inntaket og kraftstasjonsutløpet. Rørgaten fører til inngrep i marka, men vil for det meste gå langs eksisterende vei, og inngrepet anses dermed som lite med nedgravde rør.

Tiltaket vurderes samlet sett til å gi liten negativ konsekvens for influensområdet på grunn av ubetydelige til små negative konsekvenser for biologisk mangfold, landskap, brukarinteresser, lokalklima, jord- og skogbruk. Hele influensområdet faller utenfor inngrepsfri natur på grunn av eksisterende vei gjennom dalen og opp forbi inntaket.

I Jølster kommune er det for det meste små kraftverk, men sørøst for prosjektområdet ligger Kjølnesfjorden kraftverk med installert effekt på 84,0 MW og i sørvest ligger Stakaldefoss kraftverk på 10 MW. Det er generelt en del vannkraftverk på Vestlandet og i distriktet, siden dette er et nedbørsrikt område med et stort potensiale. Øvrebø kraftverk vil bidra med fornybar energi og vil ikke øke belastningen på området i særlig grad.

Avbøtande tiltak

Berekna produksjon uten minstevassføring er 11,1 GWh. Søknaden er basert på at det skal sleppast minstevassføring tilsv. alminneleg lågvassføring heile året, 77 liter/sek. Årsproduksjonen vert då 10,2 GWh. Utbyggingspris: 3,80. Med minstevassføring lik 5-persentil, 150 l/sek sommar og 69 liter/sek vinter, vil produksjonen bli redusert med 0,3 GWh til 9,9 GWh.

3. Fylkesrådmannen si vurdering av søknaden

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 10,2 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Planlagt investering i tiltaket er 38,8 mill.kr. Utbyggingsprisen er berekna til 3,80 kr/kWh, som er middels pris. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap, friluftsliv, reiseliv i samband med bygging av inntak, nedspengt/nedgravd rørgate, bygging av kraftstasjon og redusert vassføring i Hegreneselva med Øvrebøfossen.

Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god. Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

Landskap, friluftsliv og turisme.

I fylkeskommunen sin regionale plan ang. vasskraftutbygging er Øvrebøfossen markert som eit viktig landskapselement. I retningslinjene til planen står det at fossar som er viktige landskapselement skal ha 3. prioritet

Interesser av stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere at utforming av kraftverket, og avbøtande tiltak, i stort monn reduserer eventuelle konflikter i høve til aktuelle arealinteresser.

Øverbøfossen er gir eit mektig inntrykk frå det nære området rundt. Fossen renn ned i eit skogkledd tverrgående gjel med , slik at fossen ikkje er synleg frå lia og vegen nedanfor. Fossen er godt synleg frå der traktorvegen/stien kryssar sideelva Fossegrova og frå dalsida høgare oppe.



Frå rapporten om naturkartlegging, Aurland naturvektstad. Sitat frå teksten:

Figur 8 Øvrebøfossen med ganske høg vassføring. I følgje kjentfolk kan vassmengda til tider være mindre enn det halve. Ein slik variasjon i vassmengde reduserar truleg potensialet for raudlisteartar.

I Aurland naturverkstad sin rapport om naturkartlegging, 2008 og rev. 2013, kap. 5 står det m.a. Øvrebøelva har eit relativt lite nedbørsfelt utan stabile kjelder, og går normalt med lite vatn i tørre periodar. Dette gjer at vassmengden i Øvrebøelva varierar naturleg, og at konflikten med utbygginga reduseras noko. Ålhusdalselva, som kjem inn i Øvrebøelva nedstraums inntaket har stabile kjelder, og vil syte føre ei forholdsvis stor restvassføring. Dette er avbøtande.

Fylkesrådmannen konkluderer med at tiltaket er i konflikt med interesser knytt til landskap og friluftsliv. Konflikten er likevel ikkje større enn at tiltaket bør kunne akseptast med noko større minstevassføring. Fylkesrådmannen foreslår ei minstevassføring om sommaren på 200 liter/sek, dvs. i underkant av det tredoble av det som er foreslått i søknaden

		Dato: 08.07.2013 Vannføring: 0,48 m ³ /s
		Dato: 25.07.2013 Vannføring: 0,22 m ³ /s

Kulturminne frå nyare tid

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på.

I den grad det er mogeleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, vegskråningar og riggområde etter at anlegget er fullført.

Elvar, fossar og stryk utgjer ein vesentleg del av det heilskaplege landskapsbiletet både for tilreisande og fastbuande. Med redusert vassføring i elva, vil dei planlagde tiltaket føre til eit store inngrep i landskapsbiletet og på den måten påverke dei opplevingsverdiane som i dag er knytt til kulturlandskapet. I den grad det er mogeleg må det gjerast avbøtande tiltak, ei tilstrekkeleg minstevassføring som kan sikre opplevingsverdien av Hegreneselva/Øvrebøelva og fossane i landskapet.

Automatisk freda kulturminne.

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne, er ikkje oppfylt. Det er dermed ikkje klart i kva grad automatisk freda kulturminne (tidlegare fornminne) blir direkte eller indirekte råka av tiltaka i søknaden. Vi er usamd med tiltakshavar som hevdar at det ikkje er potensiale for kulturminne i området. Dette er utmarksområde som har blitt nytta i dei fleire tusen år det har blitt drive gardsdrift. § 9 undersøking må gjennomførast. Registreringa må gjerast på snø- og telefri mark. Tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i god tid før registreringa skal gjennomførast. Det må bereknast tilstrekkeleg tid til etterfølgjande sakshandsaming, eventuelt utgraving før utbyggingstiltak i området kan i verksetjast.

Samla vurdering for Øvrebø kraftverk

Fylkesrådmannen vil rå til at det vert gitt konsesjon. Av omsyn til landskap og brukarinteresser må minstevassføringa om sommaren aukast til noko. Minstevassføring tilsvarande 5-persentilen vil redusere årsproduksjonen med 0,3 GWh. Fylkesrådmannen sitt forslag om 200 liter/sek om sommaren vil bety ein noko større reduksjon.

4. Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen rår til at det vert gitt konsesjon. Av omsyn til landskap og brukarinteresser må minstevassføringa om sommaren aukast til 200 liter/sek.